

Fra: Stig Arne Thune []

Til: Karina Nerland []; Jarle Skartun []

Kopi: Marianne Skjeldestad Hove [Marianne.Hove@sogndal.kommune.no]; Torgeir Skålid [torgeir@sognnaring.no]

Sendt: 09.04.2019 10:57:55

Emne: Ekstra stønad Sogn Næring, arbeidsplassar

Vedlegg: Notat finansiering LK og SR.docx

Til Sogn Regionråd

v/ Karina Nerland

Til Luster kommune

v/ Jarle Skartun

Det er i dag store endringar i fylkeskommunale og statlege strukturar, me ser at Fylkesmannsembetet og fylkeskommunane er i samanslåingsprosessar, Statens Vegvesen står i andre omstillings- og endringsprosessar. NAV fylkesledd er allereie fusjonert, der nytt hovudkontor er i Bergen og ikkje lengre på Leikanger.

Nye Sogndal og Luster har allereie fått utarbeidd rapport (Fondenes og Flæte) som seier noko om viktigheita av å satse på systematisk og målretta arbeid for å behalde og sikre nye kompetansearbeidsplassar, dette vert og stadfesta i politisk plattform for den nye kommunen. I dette ligg det og godt samarbeid med nabokommunar, for å sikra og vidareutvikla heile Sogn som attraktiv arbeidsplassregion.

Tal viser at nær 1/3 av sysselsettinga i Nye Sogndal er i regi av statlege eller fylkeskommunale verksemder. Veksten i offentleg sektor har det siste 10-året vore langt større enn i den private. I Luster er det 252 eller 13% som arbeider i statlege eller fylkeskommunale verksemder.

Difor vert det viktig å sikra eksisterande verksemder, utvikla nye arbeidsplassar (både private og offentlege), me må syta for god samhandling med felles mål og strategi i regionen. Til dette treng me bistand, og Sogn Næring har fått oppdraget. Oppdraget er sett i gang etter ordskifte i Fellesnemda for Nye Sogndal kommune 24.01.2019, og i møte 07.03.2019 vert det sett av kroner 300.000 kr til arbeidet. Fellesnemda utfordra samstundes prosjektrådmann til å invitere Luster kommune og Sogn Regionråd med i arbeidet. Eg syner til tidligare e- brev om dette.

Arbeidet som skal gjerast er viktig for heile regionen, og bør soleis involvera politisk og administrativt nivå i nabokommunar og regionråd.

Arbeidet er vidare forankra i samfunnsplanar i Leikanger kommune og Sogndal kommune, vidare i Sogn Regionråd sin regionalplan 2017-2020, som har denne strategien «Bygge politisk og administrativ kunnskap og kapasitet til å drive påverknadsarbeid og strategikutvikling».

Det er tidlegare utarbeidd 3 rapportar, som danner godt grunnlag for det vidare arbeidet:

☞ Samfunnseffektar av endringar i fylkeskommune og regional statsforvaltning – Leikanger. Sogndal og Luster. BDO/Sogn Næring 09.09.2016

☞ Sogndal kommune – Vertskapskommune for offentlege arbeidsplassar, Oddvar Flæte/Jostein Fondenes/Sogn Næring 07.03.2018

☞ Næringsutvikling i nye Sogndal kommune, Sogn Næring 15.12.2017

I Vedlegg finn ein notat for vidare arbeid, utarbeidd av Sogn Næring.

Dersom spørsmål, ta gjerne kontakt.

Med beste helsing

Stig Arne Thune
Prosjektrådmann
950 25 812